

Helga Reidun Bergebakken Nesset

## Mønstertrykk på ullstoff

Blant gjenstander i privat eige, og likeeins blant museums-gjenstander, støter ein ofte på tekstilar i ull med trykt mønster. Ein finn både kleplagg og innredningstekstilar i denne dekorteknikken. Trykkmønstra er svært ulike. Det kan vera mønster over ei heil flate eller mønster i border og rosetter.

### Tøytrykk i Nord-Østerdalen

Tekstilane med trykt mønster er alle frå siste halvdel av 1800-talet. Slutten av 1800-talet er perioden da draktskikken endrer seg i Nord-Østerdalen, frå folkedrakt (bygdeklede) til bymote. Dermed finn ein trykkmønster både i bygdeklede og i klede sydd i bymolestil.

Samstundes blir trykkmønstra nytta til innredningstekstilar, av tradisjonell art som i åkle på skinnfell, og i nyare og meir borgeleg stil, som i bordtepper. (Sjå fig. 2 - 8).


Da eg midt i 1970-åra begynte å grave i kunnskapen om gamal draktskikk, fekk eg høyre at «før i tida vov dei tøya heime og sendte dei til Roros og fekk dei farga og trykt». Denne påstanden ville eg gå nærare inn i, og sjå på kor vidt bruken av trykte ulltøyer breidde seg. På grunnlag av det bevarte tekstilmaterialet var slutten av 1800 handverket si blomstrings-tid.



1. Bernhard Toresson Steifetten, Alvdal f. 1864 i trøye med trykt mønster. Repro: Musea i Nord-Østerdalen (25082).

2. Livkjole frå Vingelen. Foto: Bunad og folkedraktrådet v/Sidsel Roine.

3. Bordteppe frå Vingelen. Foto: Musea i Nord-Østerdalen.







4. Livkjole frå Tynset. Foto: Bunad og folkedraketrådet v/Sidsel Røine.



5. Sjal frå Tolga. Foto: Forfatteren.



6. Kjole fra Folldalen. Foto: Bunad og folkedraketrådet v/Sidsel Røine.



7. Fellåkle frå Vingelen. Foto: Musea i Nord-Østerdalen (20466).



8. Fellåkle frå Vingelen. Foto: Musea i Nord-Østerdalen (20451).

### Trykte ullstoffer i Sverige

Med eit reise- og utforskningsstipend frå Nordliv, gjennom Foreningen Norden, reiste eg over grensa til Sverige og såg trykte tekstilar på to museer i Hälsingland län.

#### Hälsinglands museum, Hudiksvall:

I denne delen av Sverige har handtrykkerfaget vore levande fram til i dag. Dette gjeld handtrykk på lin og bomull. Men likevel har museet tekstilar i ull med svart trykkemønster. Tekstilansvarleg Karin Haglund plukka fram to mannstrøyer som hadde ullfôr med trykk, den eine frå Forsa, og den andre frå Delsbo. (Fig. 9 og 10).

#### Ljusdalsbygdens museum:

Dette museet ligger i same fylket som det føre, omlag 7 mil frå Hudiksvall. Her fans fleire tekstilar, ein hundskinnsmudd med trykt fôr, ein krage til ein mudd og ei trøye privat eige. Elisabeth Fransson, kunne fortelje at ein såg mange trykte tekstilar i ull men dei visste ikkje kor dei kom frå.


Under desse to besøka fekk eg ei kjensle av at tøytrykk på ull ikkje var svensk tradisjon. Derimot er svenskene sine handelsferder til Røros vel kjent.

Anders O. Feragen er kjelden i ein artikkel om stamphuset på Lillevolden i Hitterdalen. Han fortel at stampa dekte eit stort distrikt. «Ja, de kom helt fra Sveg og Ljusnedal. Svenskene kom gjerne innom i martnan med vev. «E det här stamparen bor?» lurte de på.» Dette burde kanskje vera svaret på spørsmålet som vart stilt på Ljusdalsbygdens museum, at svenskene fekk trykt ulltøya sine på Røros.

Når ein går nærare inn på trykte tekstiler på Røros, finn ein her same mønster som i Ljusdal. Føret i mudden i Ljusdal har det same mønstret som ein mudd på Røros. Mudden på Røros er frå Ol-Eriksgården i Feragen og har initialene O I S N (Ole Iversen Nordvik) 1831 - 1931. (Fig.13 og 14).



9 og 10. Mannstrøye frå Hälsingland museum.  
Foto: Amund Spangen for MiNØ.



11 og 12. Mannstrøye  
frå Ljungdalen i  
Härjedalen, Sverige.  
Privat eige. Foto:  
Amund Spangen for  
MiNØ.



13 og 14. Hundeskinnsnudd  
frå Ljusdal med för i trykt ull-  
tøy. Foto: Amund Spangen for  
MiNØ.

### *Fargerier på Røros*

Fargaren var den som trykte mønster på stoffa. Dette var ei internasjonal yrkesgruppe. Norske svenner reiste ofte til utlandet i lære.

Her i landet vart det oppsving i næringsomkring 1850 og aktiviteten heldt seg bra fram mot århundreskiftet. Innpå 1900-talet vart etterspørselen etter trykte tøyer mindre og bedriftene vart lagt ned eller gjekk over i beslekta verksemder.

I 1829 var det på Røros ein fargar, medan talet i 1875 hadde stege til tre.

1. Den første kjente fargaren på Røros var Peder Iversen Åberg eller Peder Iversen Fargar, fødd 1777. Han kom frå Bergen. I 1832 er han nemnd i samband med eit auksjonsskjøte på gard nr. 102, som sidan vart heitande Fargargården. Rørosboka fortel at her starta Chr. Sollie sitt fargereri i 1860 kombinert med manufakturvarefabrikk. Bedrifta har frå 1913 namnet Brødrene Krogs Ullvarefabrikk.

2. Iver Olsen begynte som fargar omkring 1850, men nokre år seinare, om lag 1868, begynte han òg som fotograf på si. Dette yrket tok tilslutt all tida og arbeidet i fargeriet vart lagt ned.

3. Peder Kr. Dahl dreiv sitt fargereri frå 1871, og heldt det gåande i mange år framover.

### *Handverkaren bak trykkblokkene*

Mønstra som vart brukt var inspirert frå utlandet og skulle ligne tapeter, drei- og damaskstoff.

Trykkblokkene var hovudsakleg skore av norske treskjærarar på oppdrag frå fargarane. Det påstås at fleire av blokkene er av utanlandsk opprinnelse, da dei er

skore i edle treslag.

Ein av handverkarane me kjenner til er Jon Hansen Budalsplads f. 1798 -1874. Han let etter seg 152 registreerte blokker som vart skore for fleire fargerier i Trøndelag. Høgst sansynleg har han skore blokker for ein av fargarane på Røros, Iver Olsen. Sonen til Iver Olsen opplyste dette.



15. Låsломme frå Tynset.

Lomma har eit trykkemønster som ligner svært på eit mønster skore av Jon Hansen Budalsplads. Det fins fleire liknande mønster i Rørosdistriktet, men er ikkje identiske. Foto: Musea i Nord-Østerdalen (6724).



16. Trykkblokk frå Røros, etter Krogs Ullvarefabrikk. Foto: Musea i Nord-Østerdalen.

## *Handel og handelsveg*

Røros med «Røros marked» var i tidlege tider ein handelsstad for folket i Nord-Østerdalen. Gjennom fleire hundreår brente og kørde nord-østerdølene kol til Røros kobberverk. Dette førte til eit sterkt samkvem med handelsmenn og handverkarar i Bergstaden, til tross for handelsbedrifta på Neby, Tynset, som vart etablert i 1815.

Handelsvegen frå Nord-Østerdalen gjekk i tidlegare tider nordover mot Trondheim. Alt i 1791 vart det slutta vedtak om at alle hovudveggar skulle omarbeidast til kjerrevegar. I 1830 er vegen over Kvikne i såvidt god stand at posten til Trondheim burde gå over Kvikne i staden for om Røros. (Kommentar skreve av lensmann Enevoldsen, Tynset til veginspektøren).

Utifrå slike opplysningar kan ein prøve å finne ut meir om handelen med

Trondheim og om moglege fargerier langs handelsvegen.

## *Fargeri i Rennebu*

På Voll i Rennebu, sentrum i bygda, vart det etablert fargeri i 1870-åra, Lunds fargeri eller «farjar'n på Lund» som dei sa. Justinus Lund, fødd i Skogn i 1848, «kom til Rennebu med ein fargekjel og 2.000 kroner.» Han hadde gått i lære hos farbror sin, Torstein Lund, som hadde fargeri i Sokndalen. Han kjøpte seg gard og anla stampe og fargeri her i 1872. Han var gift med Marit Iversdtr. Knipenberg, fødd på Neby, Tynset i 1842, død 1931.

Fargeriet vart litt av ein industri. Justinus Lund døydde i 1928, men sonen dreiv det vidare til 1935.

Utstyr frå fargeriet er bevart på Rennebu Bygdemuseum, m.a. mange av trykkblokkene.

Blant dei trykte tekstilane ein finn i Nord-Østerdalen, er iallfall eit av mønstra frå Lunds fargeri. (Fig.17).

## *Fargerier i Trondheim*

I Trondheim var det fleire fageribedrifter. Mest kjent er N. H. Schjølbergs farveri. Han vart fargemeister i 1833, men her var fargeri sidan 1780-åra. Bedrifta heldt fram til 1936. Kundene var landsens folk som kom hit med ullvever til stamping, beredning, farging og trykking. Fargargarden låg ved Torvet i Trondheim og ble reve i 1960-åra og fløtt til Trøndelag Folkemuseum, Sverresborg, med alt utstyr. Her fins òg trykkblokkene frå fargeriet, omlag 2000 stykker.

## *Trykkemønstra sin korte periode*

Mønstertrykte ullstoff representerer ein forholdsvis kort periode. Den ebber ut i begynnelsen av det 19. århundre. Mot århundreskiftet breidde ei sterk pietistisk bølge seg over landet. Kledda vart mørke, samtidig som den nye draktskikken var på



17. Mannsvest frå Tuvsingdalen. Dette mønstret fins blant trykkblokkene på Lunds fargeri i Rennebu. Foto: Bunad og folkeledetrådet v/Sidsel Roine.

full fart inn i bygdene i Nord-Østerdalen. Både her i distriktet, og likeeins i Budalen, er det kjent at dei fine raude stakkene med trykk gjekk over til å bli brukt som understakkar.

Hanna Pedersdtr. Dalen 1847 - 1923, frå Fåset hadde sydd seg ny stakk, vinraud med fint, trykt mønster til innvidelsen av Follalskyrkja i 1882. Men denne vart brukt berre ein gong, er det sagt.



18. Detalj av livkjole som Hanna Pedersdtr. Dalen frå Fåset, brukte i 1882.  
Foto: Forfattaren.

### Litteratur

- Rørosboka bind 1.  
Tynset bygdebok bind 3. Arne Nyheim: Sti og veg.  
By og bygd, Norsk Folkemuseums årbok 1989-91: Jorunn Fossberg: To artikler.  
Fjellfolk 1986, Ella M. Sundt: Laget for kommende slekter. Anders O. Feragen med modell av stamphus.  
Rennebuboka, gard ætt 1-4, av H. Halvorsen og J. Kosbergløkk.  
Adresseavisa, 19. sept. 1998: Farverigårdens skattkammer.  
Fortidsminneforeningens årbok 1936-37.

### Kjelder

- Nanfrid Nordmoen, f. 1908 - 1991, Fåset.  
Dagny Løvø, Budalen.  
Birgit Foss, Rennebu.  
Elisabeth Fransson, Ljusedalsbygdens museum.  
Karin Haglund, Hälsinglands museum.  
Røros museums og historielag, tekstilgruppa.  
Inger Grefstad, Heimdal.